

# HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

Hønefoss, 21.04.2019

N.B.Vistad, tlf.90033113, [nbjoer-v@online.no](mailto:nbjoer-v@online.no)

## REFERAT FRÅ STYREMØTE, 05.04.2019, kl.18.00-20.00

Møtet heldt fram 06.04, kl.09.00-10.00

Skinnarbu Nasjonalparkhotell, Tinn

Til stades: Per Helge Sekse, Stein Verpe, Anve Myklatun, Johan Vaa, Gjermund Geirstad, Odd Gunnar Vikan og Nils Bjørn Vistad (sekr.). Torgils Eide hadde meldt avbud.

### Sak 1. Reiseskjemagjennomgang

Rutinesak.

### Sak 2. Årsmøtegjennomgang

Dei ulike funksjonar i årsmøtet vart fordelt på styre og sekretær etter vanleg praksis. Siste gjennomgang av årsmelding, rekneskap, godtgjering, kontingent arbeidsplan, budsjett, eventuell vedtekstendring, ny forvaltingsmodell og innkomne saker.

Vedtak: *Til etterretning.*

### Sak 3. Kontingentrestansar

HG hadde ved årsskiftet utestående kontingentrestansar på om lag kr.60.000. Ved gjennomgang nå i styremøtet syner det seg at det meste er betalt over nyttår.

Vedtak: *Til etterretning. Kanskje aktuelt med betre purreruting på rett år!*

### Sak 4. Brev til kommunane (om framtidig forvaltingsmodell)

Saka vart gjennomgått. Det er dissens i styret, men eit fleirtal gjekk for det framlegg sekr. har forfatta og som tidlegare er justert noko av Johan Vaa. I brevet vil HG informere kommunane om sitt syn, eventuelt påvirke.

Vedtak: *Brevet blir å sende rett over påske.*

### Sak 5. Eventuell vedtekstendring

Gjeld konsekvenser for HG-styret ved at Odda og Ullensvang fusjonerar og at ein då får 6 i staden for 7 kommunar. Eit fleirtal i styret meinte styret måtte reduserast til 6 ved at nye «storkommunen» i Hardanger måtte nøye seg med eitt styremedlem.

Per Helge har lagt fram eit framlegg før og argumenterte nå med at Odda og Ullensvang burde ha kvart sitt medlem. Han meinte fusjonen ikkje burde ha styringsverknad for HG.

Vedtak: *Saka blir å legge fram for årsmøtet, og så får handsaminga der styre vidare.*

## **Sak 6. Ny kasserar**

Kit Hedegart Flaata har fungert mange år, både som styremedlem (12 år), leiar (3 år) og som kasserar. Etter at ho gjekk ut av styret i 2013, har ho fungert vidare som kasserar. I tillegg har HG eigen rekneskapsfører (Uvdal Rekneskapskontor).

Sekr. var innstilt på å overta funksjonen, trass i upraktisk avstand til rekneskapsfører.

I møtet dukka det opp framlegg om Unni Wetlesen i Uvdal (kona til Odd Gunnar). Det vart snarleg avklara at ho var villig til å ta jobben.

*Vedtak: Unni Wetlesen i Uvdal blir ny kasserar i HG*

## **Sak 7. Prokura**

Sidan det er blitt så nøye med «det formelle» og Brønnøysundregistra, ville styret ha eit prokuravedtak (fullmakt til å tegne HG).

*Vedtak: Den til einkvar tid sitande leiar og kasserar har prokurafullmakt.*

## **Sak 8. Villreinkvote 2019**

Alle kjenner bakbildet (CWD) og den enorme bukkekvote som hausten truleg vil by på.

Det er betydeleg ueinighet i saka, jfr avisopporet i mars frå fleire godt kjente «villreinfolk».

Styret i HG drøfta saka, ikkje mist med bakgrunn i at eit samstemt Villreinutval går inn for dette.

Særleg Johan var tydeleg på at det ville vera feil å gå imot eige fagutval og HG sine representar der. Per Helge støtta Johan. Gjermund meine grunneigerane også måtte få bli med på eventuell vinterjakt.

Odd Gunnar sa han hadde «backing» frå lokale grunneigerar.

Stein refererte til møte på Gol, der Mattilsynet/Veterinærinstituttet fremma eit absolutt krav om at hjorteviltbestandene (elg og hjort) i 15 kommunar rundt Nordfjella, skal

reduserast med 50 % gjennom ordinært jaktuttak over 2 år.

Anve meinte motsatt av alt dette. Ein må kunne markere ueinighet og motstand mot

Mattilsynet.

*Vedtak: HG-styret støtter framlegget frå VU*

## **Sak 9. Eventuell vedtektsendring for Villreinutvalet (VU)**

Johan hadde spela inn eit framlegg om at at VU burde redusere styret med eitt medlem (ned til 7 i alt) ved at Fjellstyra misser eit. Argumentasjonen baserer seg både på areal og fusjon.

Frå VU har det alt kome melding om at saka ikkje er drøfta der, men at ein ser det tenelege i at HG og FH er jamntunge i styre.

Også her vart det dissens ved at Ole Gunnar og Per Helge ville ha styret uendra medan dei

øvrige 4 i HG-styret minking til 7. Uansett var det uaktuelt med utviding av styret.

*Vedtak: Leiar i HG tar saka opp med Fjellstyra*

## **Sak 10. Jaktsak frå Vinje**

Under jakta i 2016 oppstod ein situasjon der jegerar kom over i feil grensevald, att mange

skot vart løyst mot dyr i flokk, at 2 fall og 3 vart skadd m.m.. SNO vart varsla og diverse

avhøyr gjort, men vidare skjedde ingen ting. Det vart oppretta sak ved lensmannskontoret i Vinje

Johan har ved fleire høve etterlyst saka, fått innsyn i saksgangen, men det heile synes å vera bortlagt. Dette har ein sær sars uheldig signaleffekt og ein meiner HG bør fylgje opp noko meir.

*Vedtak: Johan skriv framlegg til brev til politiet der ein synleggjer at saka er drøfta i HG på eit generelt grunnlag og der ein beklagar at ei slik miljøsak fekk så liten prioritet hjå politiet. Per Helge signerer. Brevet blir sendt pressa.*

### **Sak 11. Regional plan – rullering**

Frå Helleik Rabba, HG-medlem i Odda, har det kome innspel om å fylgje med på «rullering av Regional plan», ei sak som er køyrd av Ellen Korvald, Buskerud fylkeskommune. Han er særleg opptatt av risikoen for ukritisk senking av grense for «villreinareal», sidan dette kan påverke andre viktige disponeringar frå grunneigars side. Høyringsfrist truleg ikr.1. juli.

*Vedtak: HG avventer kart frå fylkeskommunen som viser framleg til nye arealavgrensingar. Når materialet ligg føre blir dette å sende medlemene til utale. På dette grunnlag skriv sekr. uttale på vegne av HG. Sekr. sender svar om dette til Helleik Rabba.*

### **Sak 12. Heimesida til HG**

Det er ved nokre høve registrert at alt ikkje er tilstrekkeleg oppdatert på heimesida, m.a. hadde Per Helge nyleg merka seg at han ikkje fann dei seinare styremøtereferat.

*Vedtak: Sekr. sjekkar saka*

## **NYTT STYREMØTE 06.04.19, kl.09.00**

### **Sak 13. Fokusområder**

Frå Lena Romtveit har kome ynskje om innspel på hennar arbeid med «fokusområder» (arealavsnitt av større verde for villreinen, der ymse sterkare tiltak kan vera ynskjeleg). Det gjeld særleg innspel frå HG på:

- identifisering av områder
- ynskje om breid involvering frå rettighetshaversida
- skriftleg attendemelding til Lena Romtveit på Villreinsenteret på Skinnarbu

*Vedtak: Sekr. sender aktuelt materiale til styret. Styret har då leseplikt!. Synsstader sendes attende til sekr., som så gjev LR melding.*

### **Sak 14. Ekstra jakttilbod til jegerar frå Nordfjella hausten 2019**

Villreintualet har i e-post av 12.03.19 reist ei problemstilling i høve jakttilbod på Hardangervidda i haust. I Nordfjella sone 1 er det tomt for dyr, på Hardangervidda blir det fleire løyver enn jegerar. Svein Erik spør då om det kan vera aktuelt med «særtilbod» for jegerar/ungdom i Nordfjella, ikkje minst for sikring av rekruttering.

*Vedtak: Saka kort drøfta utan konklusjon*

### **Sak 15. Rv.7 som ny forvaltingsgrense**

Johan reiste på tampen av møte spørsmål om å nytte Rv7 som framtidig fast forvaltingsgrense ut frå reine praktiske omsyn. I dag det skote mange «Nordfjelladyr» på «Hardangerviddajakt»! Det vart hevda frå andre i styret at det ville bli problem med valddeling og at betydeleg «telgjande areal» ville bli «tilført» Nordfjella. Som spontansak vart drøftinga ikkje konkludert.

*RETT ETTER STARTA ÅRSMØTET I HG*

Nils Bjørn Vistad  
sekr. i HG